



# PLAN FOR FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRER



2023 - 2037

## INNHALD

Bakgrunn	<u>3</u>
Mål for arbeidet	<u>3</u>
Avgrensingar	<u>4</u>
Kartlegging og registrering	<u>5</u>
Organisering og medverknad	<u>6</u>
Dagens situasjon	<u>6</u>
Etablering/Tilrettelegging av ferdselsårer	<u>7</u>
Prioriterte ferdselsårer	<u>8</u>
Vedlegg 1 - Handlingsplan	
Vedlegg 2 – Eigenskapstabell	
Vedlegg 3 – Kartoversikt	

## BAKGRUNN

Det er eit mål for den nasjonale friluftslivspolitikken at alle skal ha moglegheit til å utøve friluftsliv i nærmiljøet og i naturen. For å nå det nasjonale målet om at befolkninga skal yta friluftsliv jamleg, krevst det god tilgang til turløyper og attraktive naturområde.


I [Handlingsplan](#) for friluftsliv blir alle kommunane oppmoda til å kartleggja dei lokale ferdselsårene. Det å gå på tur er viktig for folk si helse og livskvalitet. Stiane, løypene og ferdselsåra me fylgjer på tur er avgjerande for vår deltaking i friluftslivet, og det er klare samanhengar mellom utforming av ferdselsårer og bruken av dei.

For å kunna leggje til rette for eit godt tilbod av ferdselsårer er det viktig å ha kunnskap om kva ferdselsåre som eksisterer lokalt, og dessutan kva behov det er for tilrettelegging. Fleire studiar viser at skilting og merking av turstiar førar til auka bruk, også av personar som tidlegare har tatt lite del i friluftsliv.

Med ny tilrettelegging og synleggjering vil fleire såleis få moglegheit til å ta del i friluftslivet.

## MÅL FOR ARBEIDET

- Sikra eit attraktivt, inkluderande og tilrettelagt tilbod av friluftslivets ferdselsåre til Austevolls befolkning.
- Auka fysisk aktivitet som betrar fysisk- og psykisk helse i si heilheit.



## EFFEKT MÅL

- Betre tilgjengelegheit og auka bruk av nærturar
- Auka livskvalitet, bu-lyst og reiseliv
- Sikre kunnskapsgrunnlag for ivaretaking av friluftsliv i arelplanlegging og forvaltning
- Auka befolkninga si kunnskap om naturens verdi og nytte
- Leggje til rette for at alle skal kunna delta i friluftslivet

## RESULTAT MÅL

- Oversikt over viktige og relevante ferdselsårer for friluftslivet i kommunen
- Kartlegging av no-situasjon og behov for framtidig utvikling av løyper
- Effektivisering, systematisering og prioritering av vedlikehald for ferdselsårene
- Tettstadar og store bustadsområde skal ha minimum ei merka/skilta turløype i rimeleg nærleik (300m – 1 km)
- Etablering av fleire rundturar i nærleik til tettstadar og robuste bygdar
- Prioriterte ferdselsårer skal inn i det offentlege kartgrunnlaget
- Informasjon om friluftslivets ferdselsårer er korrekt og lett tilgjengleg

## AVGRENSING

Turstiar og andre ferdselsårer for friluftslivet finn ein nesten overalt i kommunen. Nokre er utan tilrettelegging og brukt sporadisk av nokre få, medan andre er tett på der folk bur, har høg bruksfrekvens, stor slitasje, og høg grad av tilrettelegging. Det har vore naudsynt å gjera avgrensingar på kva ferdselsåre som skal kartleggjast i samband med planarbeidet og kven av dei planen skal omhandla.

I Austevoll er det både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsåre i sjø. Desse er ikkje teke med i denne planen då dette hadde vore for omfattande. Oppstart av arbeidet med kartlegginga av ro- og padleruter vil vere i 2023, dette blir gjort i samarbeid med BOF – Bergen og omland friluftsråd og Havstril padleklubb.

## KARTLEGGING OG REGISTRERING

Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer omhandlar merka og brukte turstiar sommar og vinter. Der kvar det er vurdert at stien er utydeleg og lite brukt er desse utelat frå oversikten. Som grunnlag for kartlegginga har kommunen tatt utgangspunkt i kunnskap internt i kommunen, kunnskap frå interessantar som lag, foreiningar og lokale, tur portalar, samt lokale og nasjonale kart databasar.



Etter kartlegging av ferdselsåra er desse prioritert etter kriterium som bruk, plassering, skilting, tilrettelegging, tilkomst, parkering osv. og delt opp i to prioriteringsfasar. Målet er å etablere ein standard på skilting, eit ansvarsforhold og å få prioriterte ferdselsåre inn i Turrute-basen<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Kartverket sin nasjonale database for (skilta og merka) turruter, som blir registrert i (m.a.) Norgeskart.no og i Naturbase (Miljødirektoratet).

Arbeidet er utført i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar *Plan for friluftslivets ferdselsårer* og omhandlar heile kommunen. Austevoll kommune har samarbeida med Vestland fylkeskommune i dette arbeidet og har kartlagt heile kommunen.

## ORGANSIERING OG MEDVERKNAD

Arbeidet med planen blei politisk forankra hausten 2019, med vedtak om oppstart i kommunestyre 19. desember 2019, sak. 162/19 og har vore oppe til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet.

Folkehelsekoordinator og rådgjevar for overordna plan har hatt hovudansvar for arbeidet i tett samarbeid med Vestland fylkeskommune og BOF.

Planen er delt opp i ein skriftleg del, eit handlingsprogram, ein eigenskapstabell og ein kartoversikt. Den skriftlege delen har ein planperiode på 15 år (2022-2037), som kan reviderast kvart 4 år om naudsynt. Vedlegga kan reviderast fortløpande ved behov.

Gode medverknadsprosessar har vore viktig for resultatata til planen. Austevoll kommune har hatt tett kontakt med lag og foreiningar og frivillige organisasjonar for å kvalitetssikra informasjon. Det blei heldt eit felles innspelsmøte for å presentere arbeidet med plan og kartlegging, samt skildring av handlingsplan. Dei var også med i arbeidet med prioriteringa av friluftslivets ferdselsårer.

For oppfølging av handlingsplan vil det bli gjennomført ein «øylab», møte med kvar bygd, for å lage skiltplan og etablere ansvarsforhold for prioriterte ferdselsåre i fase 1. Dette vidareførast for prioriterte ferdselsåre i fase 2.

## DAGENS SITUASJON

Austevoll har eit variert tilbod av stiar og turveggar. Både dei lokale vela og turlaget i Austevoll gjer ei stor innsats for å sikre turmoglegheiter for alle som bur i Austevoll. Kvar øy har fleire tur moglegheiter, nokon meir tilrettelagt en andre. Dei siste åra har Austevoll kommune investert mykje i det lokale friluftslivet. Samarbeidsprosjekt som turvegen rundt Vinnesvatnet, sherpatrappa til Kongsen, sherpatrappa til Veten og dagsturhytta er gode eksempel på dette.

Austevoll kommune har tre turteljarar, ein ved Vinnesvatnet, ein på Loddo og ein på Kongsen. Desse synar godt til auka bruk av turstiar ved tilrettelegging. Tala frå turteljarane visar også at turstiar som ligg i nærleik til tettstadar er meir brukt

gjennom heile året. I vidare utvikling av turstiar i Austevoll må ein leggje meir vekt på tilknytning til store bustadområde og moglegheit for å utføra friluftsliv utan å bruke bil.

Det er to turløyper i Austevoll som er universelt utforma<sup>2</sup>, dette er Vinnesvatnet og Skansen. Å investere i fleire universelt utforma turløype vil bidra i å gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for fleire. Det er også behov for å kartlegge universell utforming generelt i uteområda i kommunen.

Mange av turløypene våre er dårleg merka, det er heller ikkje ein felles standard på merkinga i kommunen. Det er behov for å sikre betre skilting og merking av dei prioriterte ferdselsåra, dette skal gjerast i tråd med anbefalingane i den nasjonale merkehandboka.

Det er ein del kulturminne som ligg i samanheng til turløypene, det er viktig å sjå på merking og skilting av våre kulturminne. Både for informasjonsbehovet og historisk verdi, men også for å unngå øydelegging/herverk.

Område med urørt preg er ei kvalitet i seg sjølv for friluftslivet. Det er derfor viktig at de framleis finnes område og stiar utan tilrettelegging. Dette er ei vurdering som er viktig å ta stilling til i planarbeid med nye trasear og prioritering av oppgradering, samt andre tiltak.

## ETABLERING/TILRETTELEGGING AV FERDSELSÅRER

Austevoll kommune har dei siste åra satt av 500 000 kr i investeringsbudsjettet til opparbeiding av nye og tilrettelegging av eksisterande turløype. Dette står under turløypemidlane i budsjett. Det er mogleg å søkje på desse midlane, der kriteria som plassering, tildelings historikk, behov og grad av frivillig innsats blir vurdert. Sidan dette er investeringsmidlar er det meint for større prosjekt. Fokuset i framtida for å nå måla i denne planen, er å prioritere ut i frå tilrettelegging med universell utforming og etablering/ tilrettelegging av turløype i nær tilknytning til store bustadområde/tettstadar.

Tilrettelegging av turløype er eit kontinuerleg arbeid. Austevoll kommune er avhengig av frivillig innsats for å sikre eit bredt friluftslivtilbod. Det er naudsynt å sikra frivilligheita si moglegheit til å vedlikehalde turløypene våre ved å opprette ei budsjettpost i økonomiplan - tilskotsordning for turløype. Denne ordninga vil såleis ikkje liggja i investeringsbudsjettet. Kostnadsramma på denne tilskotsordninga vil vere mellom 50 og 100 000 kr årleg. Dette gjev Austevoll kommune moglegheita til å

---

<sup>2</sup> Innafor prinsippa i UU er det forskjellig gradering av stigning, tilrettelegging mm.

støtte små tiltak på ei demokratisk måte. Kriteria for ei slik tilskotsordning må vere i tråd med måla i denne planen og skal bli politisk handsama.


Ved fysiske tilretteleggingstiltak, som skilting og merking, er det ein føresetnad å ha grunneigaravtale for heile traseen der det skal gjerast tiltak. Dette er eit krav som også fell på frivilligheita. Samstundes må ein ta høgde for tilgang og parkeringsmoglegheiter når ein skal planlegge nye turløype. Også her må det føreliggje grunneigaravtalar.

## PRIORITERTE FERDSELSÅRE

Desse er våre prioriterte ferdselsårer som vil bli teke med i Turrute-basen, skilta og merka. Sjå vedlagt handlingsplan og annet oversiktsmateriale.

### Fase 1

Stolmen	Selbjørn	Vinnes	Kolbeinsvik	Huftarøy	Storebø	Hundvåkøy	Storekalsøy
<ul style="list-style-type: none"> <li>•Globen</li> <li>•Globen-Såta</li> <li>•Nordsjøløypa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Nordsjøløypa</li> <li>•Kongskleiva</li> <li>•Rabbafjellet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Vinnsvatnet</li> <li>•Dyreløypa Vetem</li> <li>•Sherpatrapp Vetem</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Sikparviksløypa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Loddo-raudløype</li> <li>•Loddo-blå løype</li> <li>•Loddo-orange løype</li> <li>•Loddo-kvitløype</li> <li>•Loddo-Leiv Magne løypa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Inger anne løypa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Storevarden</li> <li>•Nordsjøløypa</li> <li>•Rundtur Pollen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Skansen</li> <li>•Nordsjøløypa</li> <li>•Mjuken</li> <li>•Skjeljaboskaget</li> </ul>





## Fase 2

Stolmen	Selbjørn	Vinnes	Kolbeinsvik/Drøna	Huftarøy	Hundvåkøy	Møkster
<ul style="list-style-type: none"><li>•Ystaneset</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Kongsen frå tankane</li><li>•Kongsen frå fagerbakke via inngjerdet</li><li>•Midtfjellet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Veten-Uglenes</li><li>•Kalsundsholmen</li><li>•Vinnsvatnet til møllo</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Hjorteskogen</li><li>•Beinskrokjen - Hestavika</li><li>•Skjenestølen</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Loddo-trollslogen</li><li>•Loddo frå Otterå</li><li>•Loddo frå Bratta</li><li>•Veten-Loddo (trefjellsturen)</li><li>•Loddo-krigsminneturen</li><li>•Storebø-Loddo</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Navågen</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>•Jettegrytene</li></ul>

